



Alle kommunene i Trøndelag

Saksbehandler, innvalgstelefon

Anders Dalland Mona, 74 16 81 98

Setersesongen 2020 og Covid 19, informasjon til seterbrukarane

Vi går mot ein ny setersesong, kanskje med ein litt seinare start enn normalt på grunn av mykje snø i fjellet. Med den låge smittestatusen for Covid 19 som vi har i dag så reknar Fylkesmannen med at seterdrifta kan gjennomførast som normalt.

Mange nordmenn vil i år ha norgesferie og vi kan forvente større etterspørsel etter seterprodukt og etter servering på setrane. For seterbrukarane vil dette vera positivt for omsetninga og det vil vera ei god mulighet for å få vist det gode seterlivet der beiteressursar frå fjell og utmark blir til god matproduksjon der ein tar vare på kultur, miljøkvalitetar og eit fint landskap.

Setrane må følge råda for å hindre spreiiing av Covid 19-viruset.

Det er i år ekstra viktig med gode hygienrutinar på setra, både for dei som arbeider på setra, og for dei som kjem på besøk. Dei nasjonale råda må sjølvstakt følgjast. Vi oppfordrar seterdrivarane om å ta kontakt med smittevernlege i kommunen for å orientere om drifta og å spørje om råd.

Nokre råd:

- Følg hygienereglane som gjeld for å hindre spreiiing av Covid 19.
- Opplys om at folk som har symptom som kan vera korona skal ikkje kan vera på setra.
- Folk som kjem til setra bør få tilbod om å vaske hender når dei kjem til setra.
- Følg 1-metersregelen om avstand mellom folk, folk som bur saman kan sitje tettare.
- Vask bord og stolar etter besøk og bruk helst eingongsbestikk (følg mattilsynets reglar).
- Ha servering ute dersom det går an.
- Ikkje ta inn besøkjande der ein steller i stand mat.
- Pass på at seterfolket er friske.
- Ikkje ha meir enn 200 personar på besøk samstundes.

Fylkesmannen ønskjer dykk alle ein god setersommar, Lykke til!!

Med helsing

Anstein Lyngstad (e.f.)
Seksjonsleder jordbruk og mat
Landbruksavdelingen

Anders Dalland Mona
Fylkesagronom
Landbruksavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent